

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Trond Roy Pedersen
Arkivsaksnr.: 16/4141 - 17

Arkiv: B02

Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage
Kommunestyret

VAL AV MÅLFORM - ORSTAD SKULEKRINS

I sak 5/17 i kommunestyremøte 13. februar 2017 gjorde kommunestyret slikt vedtak:

Det vert halde rådgjevande folkerøysting om kva målform som skal vera hovudmålform i Orstad skulekrets.

Forskrift til opplæringslova, Kapittel 9; Rådgjevande folkerøysting om målform i grunnskolen, seier følgjande i § 9 – 2. Røysterett:

« Røysterett har alle som bur i det området som soknar til skolen etter opplæringslova § 8 – 1, og som den 30. dagen før røysterett står innførte i folkeregisteret som busette i kommunen, og seinast i det året folkerøystinga blir halden, vil ha fylt 18 år.

Røysterett har og foreldre / forsytar til barn på barnetrinnet ved skolen, og foreldre / forsytar til barn som er innskrivne der for å ta til på første trinnet, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Krav om å koma med som røystefør foreldre / forsytar må vera levert eller framsett for kommunen seinast tre veker etter den første kunngjeringa om røysting «.

§ 9 – 2; Ansvar for røystinga har slik ordlyd:

«Kommunen har ansvaret for røystinga og skal sørge for at det blir sett opp liste over dei som har røysterett etter § 9 – 2 andre ledd. Kommunen organiserer røystinga».

§ 9 – 5; Nytt vedtak har slik ordlyd:

«Nytt vedtak om hovudmål kan ikkje gjerast før det er gått 5 år».

Ei folkerøysting om målform er rådgjevande, og kommunestyret gjorde på møtet 17. februar vedtak om at det skulle haldast rådgjevande folkerøysting. Det er og kommunestyret som gjer endeleg vedtak om skifte av målform i ein skulekrets.

Rådmannen la til rette for at kommunen kunne gjennomføra slik røysting i samband med stortingsvalet 10. og 11. september. Resultatet av røystinga ville vera klart 12. september. Saka kunne behandlast i hovudutval på møtet 26. oktober 2017, og kommunestyret kunne gjera endeleg vedtak om målform på møtet 13. november 2017. Ordninga kunne då tre i kraft for elevane som byrjar på Orstad skule hausten 2018.

Resultatet av folkerøystinga 11. september viser følgjande:

857 av 1686 med stemmerett i kretsen røysta (50,8 %). 506 (59 %) røysta for bokmål, og 351 (41 %) røysta for nynorsk. Det er såleis klar overvekt av bokmålsrøyster blant dei som valde å stemma. Om lag 50 % av dei røysteføre valde å ikkje ta del i avstemminga av ulike grunnar. I vallokalet blei dei som skulle røysta gjort merksame på at det også var målformval.

Vedlegg:

- Utskrift møtebok - Kommunestyret 13.02.2017, sak 5/17

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for skule og barnehage og kommunestyret med slik tilråding:

Rådmannen legg fram saka utan tilråding.

Rådmannen i Klepp 17.10.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.